



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Øystein Breirem Jacobsen, 55 57 22 13

Vår dato  
03.12.2014  
Dykkar dato  
20.10.2014

Vår referanse  
2014/12665 721.0  
Dykkar referanse

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 Oslo

### Høyrings svar - forslag om å utvide høvet til å påleggje hjelpetiltak med heimel i lov om barnevernstenester

Fylkesmannen viser til brev av 20. oktober 2014 med vedlegg. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet gjer forslag om å utvide høvet til å påleggje hjelpetiltak med heimel i lov om barnevernstenester av 17. juli 1992 nr. 100 (barnevernlova). Føremålet er å betre situasjonen til barnet og førebyggje meir inngripande tiltak som omsorgsovertaking. Fylkesmannen i Hordaland støttar dette. Vi støttar i hovudsak også forslaget om å utvide høvet til å påleggje hjelpetiltak med heimel i lov om barnevernstenester.

Ved å utvide høvet til å påleggje hjelpetiltak vert det ein ekstra terskel før ein fremjar sak om omsorgsovertaking. Vi meiner dette vil gagne barna i dei tilfella der tiltaket fører fram til ein god omsorgssituasjon. Det er samstundes ein fare for at barn som allereie har levd med omsorgssvikt over tid, kan bli påført ytterlegare skade i løpet av den tida ein prøver å hjelpe familien med pålagte hjelpetiltak. Vi vil understreke kor viktig det er å vurdere om det er sannsynleg at pålegg om hjelpetiltak kan skape ein god nok omsorgssituasjon for barnet på lengre sikt. Dersom barneverntenesta ikkje kan sannsynleggjere dette, vil det truleg vere til beste for barnet å fremje sak om omsorgsovertaking. Nyare forskning viser at barn som flyttar i fosterheim, har større sjanse til ei god utvikling dess yngre dei er og dess kortare tid dei har levd med omsorgssvikt.

Våre kommentarar til endringsforslaga:

#### Spørsmålet om kva hjelpetiltak det er tenleg å gi høve til å påleggje foreldra

##### *Kompenserande tiltak*

Vi meiner at kompensierende tiltak berre må setjast i verk i dei tilfella der barnevernstenesta vurderer at barnet i særleg grad vil ha nytte av tiltaket, og det elles ikkje er sannsynleg at tiltaket vil medføre tyngjande konfliktsituasjonar. Dette vil stille strenge krav til barnevernstenesta om evaluering av tiltaket og dialog med barnet om korleis barnet opplever situasjon i den perioden tiltaket varer. Vi er uroa for at dei kompensierende tiltaka kan vere ei ekstra påkjenning for barnet, dersom barnet over tid må leve med motstand/konflikt mellom foreldra og tiltakspersonane om gjennomføring av tiltaka. Fylkesmannen vil peike på faren for at ein ved å påleggje kompensierende tiltak, kan dekkje over utfordringane familien har. Vi meiner at det berre skal vere høve til å gje pålegg om kompensierende tiltak i kombinasjon med omsorgsendrande tiltak og/eller kontrolltiltak.

### *Omsorgsendrande tiltak*

I høringsforslaget skriv departementet at «Hjelpetiltak som innebærer at foreldre og barn oppholder seg utenfor hjemmet sammen anses som for inngripende til at de bør kunne pålegges» (s.10). Vi meiner at det bør opnast for å kunne påleggje slike tiltak i tilfelle der barnevernstenesta er alvorleg uroa for om foreldra er i stand til å ta vare på barnet etter fødselen. Eit pålegg om opphald på senter for foreldre og barn kan hindre at ein må skilje barn og foreldre i dei første levemånadane og medverke til at barnet ikkje blir påført alvorleg skade. Det er truleg at ein i nokre tilfelle kan hindre omsorgsovertaking. Nyare forskning tyder på at barn kan bli påført vesentleg skade i løpet av kort tid i dei første levemånadane. Pålegg om opphald på senter for familie og barn kan gje forsvarlege rammer i den perioden barnevernstenesta undersøker om foreldra kan gje barnet ei god nok omsorg.

### *Kontrolltiltak*

Når det gjeld kontrolltiltak støttar vi forslaget slik det er omtalt i høringsnotatet.

### **Spørsmålet om kor lenge tiltaka skal vare**

I NOU 2012:5 står det: «En forutsetning for pålegg vil alltid være at tiltakene anses tjenlige. Dette innebærer at det må gjøres en konkret vurdering av muligheten for at pålegg av hjelpetiltak på sikt vil skape motivasjon, innsikt og endring hos foreldrene» (s. 59). I høringsforslaget skriv departementet at «det bør lovfestes en ytre tidsavgrensning også for de pålegg om hjelpetiltak som diskuteres i dette høringsnotatet. Departementet ser imidlertid at det her er tale om typer tiltak hvor det vil være behov for lengre tidsperiode» (s. 8).

Vi meiner at det er nødvendig å skilje mellom kompenserande tiltak, endringstiltak og kontrolltiltak når det gjeld kva som vil vere tenleg ytre ramme for tidsavgrensning.

### *Kompenserande tiltak*

Vi meiner at det ikkje vil vere tenleg med ei ytre ramme for kor lenge dei kompenserande tiltaka kan påleggjast. Grunngevinga vår er for det fyrste at tiltaka i denne kategorien er av svært ulik karakter. For det andre at om evalueringa av tiltaka viser at dei fungerer etter formålet (førebyggjer omsorgsovertaking), kan det vere nødvendig å oppretthalde tiltaka så lenge omsorgssituasjonen til barnet tilseier at det er nødvendig. Det kan til dømes gjelde tiltak som barnehage, leksehjelp og avlastningstiltak.

Før barnevernstenesta fremjar forslag om å påleggje foreldre hjelpetiltak, må barnevernstenesta i kvart tilfelle gjere ei grundig vurdering av kva som vil vere forsvarleg lengde på tiltaket. I desse vurderingane må barnevernstenesta leggje avgjerande vekt på omsorgspersonens føresetnader for å nyttiggjere seg tiltaket og kor lang tid ein ventar dette vil ta, vurdert opp mot barnets omsorgsbehov, alder og sårbarheit. Dersom tiltaka ikkje viser seg å føre til venta endring i omsorgssituasjonen til barnet, må barnevernstenesta fremje sak om omsorgsovertaking.

### *Omsorgsendrande tiltak*

Når det gjeld dei omsorgsendrande tiltaka, meiner vi det er vanskeleg å sjå at det er tenleg å påleggje foreldre slike tiltak i meir enn tre månader med høve til å forlenge til seks månader. Føresetnaden for forlenging bør vere at evalueringa viser at ein i løpet av dei tre første månadane er komen i posisjon til endringsarbeid med familien. Dersom tiltakspersonen/

retteleiaren ikkje er komen i posisjon til å hjelpe familien i løpet av tre til seks månader, vil argumenta for å påleggje slike tiltak etter vår meining falle bort. Vi viser Raundalen-utvalet sine argument om å opne for høvet til å kunne påleggje omsorgsendrande tiltak:

*«Etter utvalgets syn kan det ikke ses bort fra at manglende kunnskap om tiltakene og frykt for å ta i mot hjelp i mange tilfeller er foreldrenes begrunnelse for å avvise tiltakene. Gjennom motivasjon, opplysning og tilrettelegging av tiltakene vil det være mulig å fjerne motviljen slik at tiltakene får effekt og gjør foreldrene i stand til å endre sin omsorgspraksis» (NOU 2012: 5 s. 59).*

#### *Kontrolltiltak*

Når det gjeld kontrolltiltak, meiner vi at det kan vere behov for slike tiltak i enkelte familiar over lang tid, dersom ein skal sjå på dette som eit tiltak for å førebyggje meir inngripande tiltak som omsorgsovertaking. Eit døme kan vere i familiar der foreldre misbrukar rusmiddel. Slike kontrolltiltak kan då vere førebyggjande i høve til om foreldre vel å ruse seg i den perioden tiltaket varer. Kontrolltiltak kan fungere som ei sikring slik at barnevernstenesta raskt kan gripe inn dersom foreldra ikkje er i stand til å ivareta omsorga for barnet. Tilsyn, urinprøvekontroll og meldeplikt er inngripande for dei foreldra som blir pålagt slike tiltak. Gjennomføring av kontrolltiltak er ressurskrevjande for barnevernstenesta. Vi støttar Raundalen-utvalet i at: *«Et pålegg om hjelpetiltak må tidsavgrenses. Hvor lang en slik periode skal være må vurderes skjønnsmessig og vil avhenge av forhold, blant annet av sakens art og alvor, barnets alder og tidligere tiltak» (NOU 2012:5 s. 59).*

Vi meiner at kravet til å ha klare målsettingar med dei tiltaka som blir pålagt mot viljen til foreldra, bør skjerpast og at det bør vere krav til systematisk evaluering annankvar månad i heile tiltaksperioden. Barnevernstenesta, tiltakspersonen og barnet bør vere delaktige i evalueringa, og dei vurderingane barnevernstenesta gjer på bakgrunn av evalueringa bør dokumenterast.

#### **Spørsmålet om kven som skal kunne pålegge hjelpetiltak**

Vi støttar forslaget om at myndet til å påleggje tiltak blir lagt til fylkesnemnda. Det er sannsynleg at behandling av denne typen saker i fylkesnemnda kan ha ein normerande effekt når det gjeld terskelen for når ei sak om omsorgsovertaking bør fremjast. Vi er uroa for at behandlingstida skal bli lang både i desse sakene og i andre saker som fylkesnemnda behandlar. Vi meiner det bør setjast ein frist for behandling av sakene.

Vi stiller og spørsmål ved korleis godkjenning av pålegg om tiltak i fylkesnemnda skal praktiserast. Vi kan sjå for oss to ulike måtar å gjere dette på:

Alternativ 1: Fylkesnemnda tek berre stilling til om omsorgssituasjonen til barnet tilseier at det kan vere tenleg å forsøke pålagte hjelpetiltak slik barnevernstenesta gjer forslag om, og set ei ytre ramme for kor lenge dei pålagte tiltaka skal prøvast. Fylkesnemnda overlèt til barnevernstenesta å ta stilling til kva tiltak som vil vere tenlege i den konkrete situasjonen og kor lenge kvart tiltak skal vare. Lengda på tiltaket/tiltaka vil kunne variere i løpet av perioden og vere dynamisk i høve til familiens behov og evalueringane av kor tenlege tiltaka er. Dette forslaget vil truleg vere mindre ressurskrevjande både for barnevernstenesta og fylkesnemnda.

Alternativ 2: Fylkesnemnda tek stilling til om barnets omsorgssituasjon tilseier at dei tiltaka barnevernstenesta gjer forslag om, kan påleggjast foreldra. I slike tilfelle må barnevernstenesta skissere ein plan for kva tiltak dei meiner at familien kan ha nytte av, og kor lenge tiltaka skal vare. Det må og gå fram av planen når og på kva måte tiltaka skal evaluerast, og kva endringar barnevernstenesta må sjå i omsorgssituasjonen til barnet for å avslutte eller forlenge tiltaket. Dersom desse endringane ikkje finn stad, må barnevernstenesta fremje sak om omsorgsovertaking.

Alternativet 2 vil truleg krevje meir av barnevernstenesta med omsyn til førebuing og samarbeid med familien om å utarbeide tydelege mål og evalueringskriterium. Barnevernstenesta må også vere tydeleg på kva endringar ein kan vente i barnets omsorgssituasjon i høve til kva tiltak som blir pålagt. For at fylkesnemnda skal kunne gjere desse vurderingane, må nemnda ha detaljert kunnskap om saka. Dette alternativet vil krevje ny behandling ved eventuell forlenging av eitt eller fleire tiltak. Vår vurdering er at dette vil vere ressurskrevjande prosessar både for barnevernstenesta og fylkesnemnda, men sikre rettstryggleiken på ein god måte.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Bente Cecilie Foss  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*